

Stortinget  
Kontroll og konstitusjonskomiteen  
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref  
23/2775-

Dato  
1. september 2023

## Spørsmål om handteringa til regjeringsapparatet av habilitetsregelverket mv.

Eg viser til brev frå Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité 10. august 2023 til statsministeren og til statsministerens svar av i dag. Eg er bedt om å svare for Barne- og familiedepartementet (BFD) på spørsmåla 1, 5, 7, 8, 9, 10, 11, 12 og 13.

- Komiteen ber om at Statsministerens kontor på vegne av samtlige departementer informerer komiteen om departementenes respektive rutiner for praktisering av habilitetsreglene.*

BFD har ein rutine som gjeld habilitet som gjeld for alle tilsette i departementet i tillegg til politisk leiing. Det er presisert i rutinen at kvar einskild har eit ansvar for å setje seg inn i reglane om habilitet som står i forvaltningslova kap. II.

I løpet av dei to fyrste vekene etter at ny politisk leiing er på plass i departementet, har embetsverket eit møte med politisk leiing der reglar om habilitet vert gått gjennom. Normalt deltek departementsråden, leiar for administrasjonsavdelinga og ein sakshandsamar, jurist, i tillegg til politisk leiing. Moglege utfordringar knytt til arbeidstilhøve, vennskap osv. som gjeld ansvarsområda til departementet, vil bli drøfta i gjennomgangen av reglane om habilitet.

Om det oppstår ein situasjon der habiliteten til statsråden må vurderast nærare, gjer embetsverket ei vurdering. Statsråden tek stilling til habiliteten sin etter å ha motteke vurderinga frå embetsverket.

I det vidare arbeidet i departementet, skal politisk leiing orientere departementsråden eller ekspedisjonssjefen på det aktuelle fagområdet, om mogleg inhabilitet der det er aktuelt. Embetsverket kan bidra med ei vurdering av habilitet, som vert lagt fram for den personen i politisk leiing det gjeld. Statsråden vert orientert om saker som gjeld andre medlemmer av den politiske leiinga i departementet.

For at politisk leiing skal kunne vurdere om det er utfordringar knytt til habilitet i samband med tildeling av tilskot som departementet handterer, vert alle slike saker lagt fram for politisk leiing før utbetaling.

Som ledd i førebuinga til neste års budsjett, vert det lagt fram ei særskilt oversikt over alle namngjevne tilskotsmottakarar som vert foreslått i BFDs proposisjon 1 S. for heile politisk leiing. Politisk leiing må returnere oversikta til embetsverket med stadfesting på om vedkommande er habil ved tildeling til dei konkrete mottakarane.

- 5 *Komiteen understreker at Stortinget har vedtatt i lov at det er hver tjensteperson som har ansvaret for egen habilitet. Har departementene rutiner for å gjennomgå egne budsjetter og andre relevante saksporteføljer for å fange opp saksbehandling som kan bli berørt når en ny statsråd har hatt innledende samtale med departementsråden og gått gjennom mulige habilitetsutfordringer? Det bes videre om en konkret redegjørelse for hvilke rutiner Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet har for slik oppfølging av den innledende samtalen med ny statsråd.*

Som det går fram av mitt svar på spørsmål 1, har embetsverket samtale med nye statsrådar der mellom anna reglane om habilitet og moglege interessekonfliktar er tema både generelt og særleg sett opp mot ansvarsområda til BFD og pågåande saker. Denne samtalen og vidare dialog om dette, gir grunnlag for at statsrådar kan vurdere kva for konsekvensar dette måtte ha for relevante saker og konkrete saker som er til handsaming i departementet eller i regjeringa.

Om statsråden er inhabil, kan ikkje statsråden førebu eller avgjere saka.

Ein settestatsråd vert oppnemnd. Embetsverket førebur saka til endeleg avgjerd hos ein settestatsråd. Ved inhabilitet hos statssekretær eller politisk rådgjevar, vert saksområda handtert av ein annan statssekretær eller av statsråden sjølv.

Som det framgår av svar på spørsmål 9, har statssekretær Fagervik erklært seg inhabil i saker som omhandlar Stine Sofies Stiftelse. Sakshandsamingsrutinene i departementet er derfor justert slik at saker om Stine Sofies Stiftelse går direkte frå embetsverket til Statsråden og ikkje via statssekretær Fagervik.

- 7 *Komiteen ber om at Statsministerens kontor samler inn og oversender en oversikt over eventuelle endringer i departementenes rutiner fra 2017 til i dag for å ivareta habilitetsreglene.*

BFD har ingen materielle endringar i rutinen når det gjeld habilitet frå 2017 til dags dato.

- 8 *Komiteen ber om en fullstendig liste over beslutninger som statsråder har fattet eller deltatt i, hvor det i ettertid er avdekket inhabilitet.*

Eg har ikkje vore involvert i nokon konkrete saker i departementet der det i ettertid er avdekt inhabilitet, og er heller ikkje kjend med at eg har vore inhabil i saker som eg har handsama som medlem av regjeringa.

- 9 *Komiteen viser til svar på spørsmål 4 i statsministerens svarbrev til kontroll- og konstitusjonskomiteen datert 20. juli 2023. Komiteen ber om å få en oversikt over alle skriftlige habilitetsvurderinger som er foretatt i regjeringen fra den tiltrådte til dags dato. Det bes opplyst hvilken dato vurderingen ble forespurt, og eventuelt når det er bedt om en tilleggsvurdering.*

Som det går fram av svar på spørsmål 1, har embetsverket eit møte med politisk leiing i løpet av dei to fyrste vekene etter tiltreding der reglar om habilitet vert gjennomgått og der moglege utfordringar knytt til tidlegare arbeidstilhøve, vennskap osv. opp mot ansvarsområda til departementet, vert drøfta. På dette møtet i oktober 2021, kom det fram at statssekretær Fagervik hadde ein relasjon til Ada Sofie Austegard, som tilsa ei vurdering av Fagerviks habilitet i saker som gjeld Stine Sofies Stiftelse. Konklusjonen av denne vurderinga var at Fagervik erklærte seg inhabil i saker som gjeld Stine Sofies Stiftelse.

Det vart teke ein ny gjennomgang knytt til habilitet i juni 2023. Ved denne gjennomgangen opplyste eg at bror min er medlem av meinighetsrådet i Salhus. Rådet frå embetsverket var etter dette at det kan vere grunnlag for å reise spørsmål til min habilitet i evt. saker som omhandlar Salhus meinigheit.

- 10 *Komiteen viser til svar på spørsmål 4 i statsministerens svarbrev til kontroll- og konstitusjonskomiteen datert 20. juli 2023. Komiteen ber regjeringen samle en oversikt over alle tilfeller der en statsråd har bedt embetsverket om bistand til habilitetsvurdering fra regjeringen tiltrådte til dags dato. Ettersom en slik oversikt ifølge statsministerens svarbrev ikke allerede foreligger, har komiteen forståelse for at detaljeringsgraden vil variere for de enkelte oppføringene.*

Politisk leiing skal orientere departementsråden eller ekspedisjonssjefen på det aktuelle fagområdet om mogleg inhabilitet. Enklare saker kan bli avklart ved ein samtale der og då, men meir kompliserte saker vil bli greidd ut skriftleg. Krevjande saker vert lagt føre Lovavdelinga i JD.

Sidan vurderingar om habilitet kan ha ulik form og også gjerast munnleg, vil det normalt ikkje eksistere ei samla oversikt over dette.

- 11 *Komiteen ber regjeringen redegjøre for eventuelle rapporteringsrutiner for politisk ledelse i departementene som omfatter privatøkonomiske forhold. Komiteen ber om at*

*redegjørelsen inkluderer informasjonen om formålet med eventuell rapportering og hvilke opplysninger som i så fall rapporteres inn til Statsministerens kontor eller til det enkelte departement.*

BFD har ingen særskilt rutine om rapportering av privatøkonomiske høve som gjeld politisk leing.

*12 Komiteen ber om liste, fordelt på departement og statsråd, over alle utnevnelser/oppnevnelser foretatt av statsråder eller regjering til råd, styrer og andre relevante verv eller organ fra oktober 2017 til i dag.*

Vedlagt følger oversikt over oppnemningar til råd, styrar og andre relevante verv eller organ gjort av Barne- og familiedepartementet sidan 2017.

*13 Det vises til at SMK har bedt departementene om å gjøre en grundig gjennomgang av saker der habilitet kan være et tema, jf. statsministerens svarbrev av 20. juli 2023. Komiteen ber om å få oversendt departementenes gjennomgang.*

Eg viser til svar på spørsmål 9. Utover dette har eg ikkje identifisert opplysningar som har ført til ei særskilt vurdering av min habilitet.

Med helsing



Kjersti Toppe